



Kultur

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6329 - 22/87459

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
16.11.2022

Søknad om dispensasjon for frådeling av bustadtomt til utfale - gbnr 102/8 Vabø

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå plankrav i kommunedelplan for oppretting av ny bustadtomt.
Byggjestad: Gbnr 102/8
Tiltakshavar: Anne Karin Nesse
Ansvarleg søkjar: Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom på omlag 810 m² frå gbnr 102/8. Tomta skal nyttast til oppføring av nytt bustadhus for ein av arvingane til tiltakshavar.


Gbnr 102/8 er registrert med eit areal på 29.5 da i matrikkelen og er bygd med våningshus og naust.

Det er gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsløse frå kommunevegen. Likeins er det gjeve løyve til omdisponering av omlag 80m² innmarksbeite til tilkomstveg til tomta.

Planstatus


Arealet er uregulert og sett av til bustadformål i kommunedelplan for Lindås (KDP). I punkt 2.2 i KDP er det sett krav om at areal som er sett av til bygg- og anleggsformål skal inngå i reguleringsplan før det mellom anna vert gjeve løyve til arealoverføring.

Kart



Frå situasjonsplanen

Ortofoto 2020



Kommunedelplan for Lindås.

VURDERING

Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå krav om reguleringsplan. Søknaden er heller dårleg grunngeven. Hovudargumentet er at det vil vere svært høge kostnader med å regulere eigedomen. Det er også søkt om dispensasjon frå Pbl. § 1-8, forbod mot tiltak langs sjø og

vassdrag. Det er etter administrasjonen si vurdering ikkje trong for dispensasjon frå byggje- og deleforbodet då det er teikna byggjegrense i KDP. Denne går i formåls grensa.

Det ligg regulert bustadfelt; Vabø bustadfelt planid 1263-26102006, like ved omsøkt tomt. Det er fleire ubygde tomter i feltet.

Det er lagt fram erklæring om vegrett, rett til tilkopling til privat vassverk og søkt om tilkopling til offentlig avlaupsanlegg. Tekniske infrastruktur er soleis på plass.

Søknaden er nabovarsla i tråd med Pbl. Det føreligg ikkje nabomerknader.

Administrasjonen vurderer at søknad om oppretting av ny grunneigedom ikkje fell inn under unntaksreglane for krav om reguleringsplan sett i føresegnene til KDP punkt 2.2.1.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan_Vabøvegen 225_Kart boligformålet i KPA
Dispensasjonssøknad_signert oppdatert disp
Løyve til omdisponering etter jordlova til vegføremål- gbnr 102/8 Vabø
Tegning Ny Plan_E1 - revA.pdf

Kopi til:

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS 5649 Eikelandsosen

Mottakarar:

| | | | |
|-----------------------------|---------------|------|-----------|
| Kultur | | | |
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Vestland Fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |